

Søknad om tilskot til skjøtsel og tilrettelegging gjennom BARK - Bevaringsprogram for utvalgte arkeologiske kulturminner

1	Tiltakshavar / søkjar	Org. nr./person nr.
	Bømlo Kommune	834210622
	Post / e-post	Telefonnr.
	ekn@bomlo.kommune.no	53423000

2	Kulturminne-ID i Askeladden (for alle lokalitetar og enkeltminne)	gnr., bnr.
	ID 66745	gnr. 56/bnr. 6 og gnr. 56 bnr 141
	Gardsnamn	Kommune
	Vespestad	Bømlo

3	Namn på eigar (ved fleire eigarar, spesifiser under "andre opplysningar")	Telefonnr.
	Langevåg Bygdatun	90778088
	Post / e-post	
	post@bygdatunet.no	

4	Søknadssum (overført frå side 4. finansieringsplan)
	kr. 74.800,-

5	Skildring av prosjektet
----------	--------------------------------

Kulturminnetype og tilstand
(røys, haug, m.m., tilgrodd,
erosjonsskade, m.m.)

Verkstadbuplass frå eldre- og yngre steinalder og sentral referanselokalitet i norsk arkeologi. Myra dyrka rundt år 1900 men ikkje nytta på fleire tiår. Myra blir no klyppt sommarstid av eigarane. Myra ligg mellom Langevåg Bygdatun og Hillestveit skule.

Datering

9000 BP ??

Tidlegare tilrettelegging

Skilting ved parkplass/L. Bygdatun, utarbeidd av HfK, og tilvist m. skilt av Steinriket Bømlo.

Tidlegare skjøtsel

Graset blir klyppt sommarstid av Langevåg Bygdatun på sin del av myra, likeeins av Jan Tore Vespestad på hans øvre del.

Andre opplysningar

Arkikon har laga ein 8 min formidlingsfilm om Sökkamyro (Youtube: Sökkamyro). Eit infoskilt ved myra (HfK), eit tilvisingsskilt frå båthamna samt klypping av graset er elles dei tiltaka som er iverksett. Begge grunneigarane er positive til skjøtsel og formidling. Den andre grunneigaren er Jan Tore Vespestad, Vestvikvegen 10, 5443

6 Informasjon om prosjektet

Er føremålet med prosjektet:

Prosjektering

Ny tilrettelegging

Oppgradering / utbetring av eksisterande tilrettelegging

Omfattar prosjektet tiltak for universell utforming?

Ja

Nei

Skildring av eventuelle tiltak for universell utforming

Dette vil bli konkretisert i Skjøtselplanen som HfK tek ansvar for.

Er det vedteken kulturminneplan for kommunen?

Ja

Nei

Dersom slik plan er under arbeid, når er den planlagt vedtatt? (årstal)

2016

Gjer greie for kor vidt kulturminnet er prioritert av kommunen

Sokkamyro er frå kommunen si side sett på førsteplass i BARK-registreringa. Sokkamyro er sentral i kommunens prosjekt Steinriket Bømlo som formidlar kommunens rike bergverkshistorie frå eldre steinalder til 1969. (www.steinriketbomlo.no)
Det er ikkje gjort spesifikke vedtak i kommunen vedr. tiltak etc. på lokaliteten.

Gjer greie for lokal forankring av prosjektet

29.09 2015 deltok representantar for HfK, Bømlo kommune og grunneigarane på eit møte i Langevåg Bygdatun om utviklingsmuligheter m.o.t. skjøtsel og formidling i Sokkamyro.
Det er innhenta positiv respons på denne søknaden frå grunneigarane og Hillestveit skule v/ rektor Kåre Bogetveit, samt frå HfK.

Gjer greie for tilkomst, parkering, m.m.

Myra ligg like ved Langevåg Bygdatun som har gode parkeringstilhøve. Det er elles ikkje gjort tiltak på/til sjølve myra.

Eventuell anna relevant informasjon

Brynjar Stautland har skrive denne søknaden på oppdrag frå kommunen v/kommunalsjef Bjørn Håvard Bjørklund, men den vert sendt inn av Bømlo Kommune v/kulturkonsulent Elisabeth Grønnevik. Vidare kommunikasjon skal gå til Bømlo kommune v/Grønnevik (ekn@bomlo.kommune.no).

Det er eit vilkår at den som får tilskot gjennom Bevaringsprogram for Utvalgte Arkeologiske Kulturminner (BARK) gjennomfører arbeidet i samråd med Hordaland fylkeskommune og at arbeidet vert gjort etter dei retningslinjene som vert satt fast av vernemynda.

Retningslinene skal sikra at arbeidet vert gjort på ein måte som ikkje kan føra til skade på kulturminne og at formidling og tilrettelegging vert gjort på ein god måte som ikkje går ut over vernet og som gjev fagleg korrekt informasjon.

7 Gjer greie for kontakt / avtalar med fylkeskommunen og eigar

Prosjekt- og påfølgande Tiltakssøknad til BARK er forankra i samtalar med Langevåg Bygdatun v/Frode Urangsæter og Hillestveit skule v/ rektor Kåre Bogetveit 08.10.2015, samt med HfK medio oktober 2015. Eigar nr. 2 har lese denne søknaden og stiller seg bak den.

8 Skildre dei enkelte tiltaka og korleis dei er tenkt gjennomført

Det vert med dette søkt om støtte til Prosjektering av tiltak i Sokkamyro, for slik å få eit best mogleg grunnlag for tenlege løysingar både med omsyn til både formidling og forsvarleg bruk.

Tiltak som skal konkretiserast, budsjetterast, vurderast og deretter prioriterast er følgande:

- A) Tiltak som tilkomst via universelt utforma stiar/gangvegar, evt. lyssettjning, samt formidling via teknologiske løysingar. Me vil gjerne utvikle ein applikasjon (app) for mobil og nettbrett som gjer det mogleg for alle å "oppleve" Sokkamyro og livet her i meso- og neolittikum. Denne skal også vise korleis havnivå og transgresjon gjennom 6000 år påvirka steinalderfolkets busetnad på staden og sjøverts ferdsel gjennom Eidesdalen til/frå Hespriholmen. Slik teknologi kan truleg óg i ein grad inkludere den rike vitenskapshistoria knytta til denne referanselokaliteten i norsk arkeologi. Informasjonen bør vera tilgjengeleg på ymse språk og dermed vera eit tilbod til utanlandske gjester i bygda/Bygdetunet. Skal bruken vera avhengig av at ein er tilstades på myra? Bør det lagast merka standplassar for ulike synsvinklar på myra? Dette tiltaket meiner me vil vera eit kraftig redskap for å heve fascinasjonen for denne tilsynelatande heilt ordinære myra.
- B) Tilrettelegging og konkretisering av eit opplegg for skulen/skulane via Den Kulturelle Skulesekken. Det skal også vurderast eit opplegg for å "sertifisere" skuleelevar som guidar på lokaliteten i sommarseseongen.
- C) Inkludering av Sokkamyro og andre steinalderlokalitetar i bygda i eit påtenkt nettverk av stiar.

(Skjøtselplanen er ikkje sett opp her, då den vil bli utarbeidd av HfK i samarbeid med kommunen/grunneigarane).



9

Gjer greie for kven som skal utføra arbeidet og kven som har ansvar for oppfølging / drift / vedlikehald

Dersom BARK-prosjektstøtte vert innvilga, vil Bømlo Kommune vurdere om ein har eigne ressursar som kan leie prosjektet, evt. om eksterne skal leigast inn. Slike ressursar finnest både i og utanfor kommuneadministrasjonen i Bømlo.

10 Kostnadsoverslag og framdriftsplan

Oppgåver, tidsbruk, kostnad og framdriftsplan:

Definering av innhald i eit opplegg for Den Kulturelle Skulesekken og Hillestveit skule:	20 t
Definering av innhald i ein "app" (via fagmiljøet innan arkeologi og vitenskapshistorie)	30 t
Definering av teknologisk løysing og distribusjon av "app" (via konstruktør av "app")	30 t
Definering av behovet for fysisk tilrettelegging og universell tilkomst til/over myra	20 t
Budsjettering av tiltaka	20 t
Evaluering og prioritering	10 t
Administrasjon/transport etc	14 t

SUM: 144 timar a kr. 900,-

= kr. 129.600,- eks mva

Timane er inkludert møtetid med dei involverte.

Kjøp av tenester (td. fagleg innhald for "app" må kanskje honorerast?) kr. 20.000,- eks mva

SUM kostnad kr. 149.600,- eks mva.

Prosjektet skal startast 1. mai dersom BARK-tilsagn og rapporterast innan desember 2016.

11 Finansieringsplan. Oversikt over korleis totalkostnaden er planlagt dekt gjennom tilskot frå:

BARK-midlar	74.800
eventuelt tilskot frå kommunen	74.800
eventuelt tilskot frå andre tilskotsordningar	
andel av egne midlar	50%
andre midlar	
dugnadsarbeid	
anna	
Sum (kr):	149.600

12

Stad:	Dato:	Underskrift
Bremnes	25.10.2015	Elisabeth Holme Grønnevik

13 Kommunen sin uttale

Prioritering:	1
Tilskot frå kommunen:	74.800
Fråsegn:	<p>Bømlo kommune er glad for engasjementet frå grunneigarane og ønskjer sterkt ei utvikling av Sokkamyro. Bark-midlar vil gjere oss i stand til å konkretisere mulighetene og starte arbeidet med å gjere historia knytt til lokaliteten tilgjengeleg. Kommunen forpliktar seg til å stille naudsynte midlar og ressursar til disposisjon for å realisere prosjektet i tråd med denne søknaden.</p> <p>22.10.15 Bjørn Håvard Bjørklund Kommunalsjef</p>

Søknaden sendast pr. e-post til: hfk@hfk.no

NB! Søknadsfrist 1. november